



**DET
NORSKE
TEATRET**



CHRISTOPHER, EIN GUT PÅ 15 ÅR **EMIL JOHNSEN**

JUDY, MOR HANS **INGUNN BEATE ØYEN**

ED, FAR HANS **ESPEN REBOLI BJRKE**

SIOBAHN, LÆRARINNA HANS **MARIE BLOKHUS**

FRU ALEXANDER, NABO **BRITT LANGLIE**

FADER PETERS, LÆRAR **JAN GRØNLIG**

FRU SHEARS, NABO **INGRID JØRGENSEN DRAGLAND**

HERR SHEARS, NABO **GEIR KVARME**

ALLE ANDRE ROLLER **ENSEMBLET**

SANDY, EIN HUND **MOUCHEMOUCHE**

REGISSØR **TRINE WIGGEN**

DRAMATURG **OLA E. BØ**

INSPISENT **HEDDA HAALAND**

KOSTYMEKOORDINATOR **ANETTE HELLNES**

SCENEANSVARLEGE **TRYGGVE ILDAHL OG PELLE DENGØ**

NOREGSPREMIERE 13. MARS 2014 PÅ SCENE 3

Forlag: Colombine Teaterførlag

TAKK TIL:

Vibeke Blydt-Hansen for assistanse med lyddesign

Anna Dworak for rørsle- og regiassistanse

Stig Krogstad for lyddesign-og regiassistanse

Dramaturgstudent Henriette Stensen

DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATT

AV MARK HADDON
DRAMATISERT AV SIMON STEPHENS

OMSETJING: JON FOSSE



LIVE MUSIKK

No Place To Fall, Townes Van Zandt / Come Undone, Isobel Campbell

ANNAN MUSIKK

Crystalline, Björk / Cosmogony, Björk / Bulletproof Love, Massive Attack

Pray for Rain, Massive Attack / Nosferatu, Silicone Soul, Of Norways versjon

OPPHAVET TIL *DET MERKELEGE SOM HENDE*

Eg har alltid angra på at termen «Aspergers syndrom» dukka opp på omslaget til boka *Det merkelege som hende med hunden den natta* da ho blei utgitt før første gong. Mest fordi grunnideén var at Christopher hadde skrive boka sjølv, og «Aspergers syndrom» er ikkje eit uttrykk han bruker. I boka karakteriserer han seg sjølv som ein som har «åtferdsproblem».

Eg liker den ironiske humoren dette uttrykket opnar for. Åtferdsproblem, problem med korleis han oppfører seg. Eg liker korleis det driv ap med medisinsk diagnostisk språkbruk. Og eg liker at det inkluderer alle. (Kven har ikkje hatt åtferdsproblem?). Men aller mest fordi det er det uttrykket Christopher sjølv bruker. Slike stempel som medisinske diagnosar er, fortel oss veldig lite om personen som blir stempla.

Eit spørsmål som har blitt stilt, er om Christopher er ein korrekt framstilt representant for ein som har Asperger. Dersom ein skal svare på det, føreset ein at det finst ei korrekt framstilling. Eg trur det seier mykje om korleis vi ser på menneske som har fått stempelet «funksjonshemma». Vi ville aldri spørje om ein romankarakter som var cellist eller lesbisk eller biskop var korrekt framstilt. Ei slik framstilling finst ikkje. Og det same gjeld menneske som er stempla med ulike diagnosar. Dei har like store individuelle skilnader som andre grupper i samfunnet.

Eg kunne seie at *Det merkelege som hende...*, ikkje eigentleg handla om Christopher. Christopher er ein outsider, og forfattarar blir tiltrekte av alle slags outsiderar – Robinson Crusoe, Raskolnikov, Jane Eyre... – fordi dei gir oss høve til å betrakte oss sjølve på avstand.

Eg kunne også seie at *Det merkelege som hende...* ikkje handlar om Christopher i det heile teke. Stykket handler om oss.

Mark Haddon, juni 2012

Omsetjing ved Trine Wiggen og til nynorsk ved Arne Torp

The Curious Incident of the Dog in the Night-Time blei først sett opp på The National Theatre i London. Denne teksten er eit utdrag frå artikkelen Haddon skrev til programmet den gongen.